

Tekstlesing med glossar og bøyings skjema

Ivar Berg

13. jan. 2020

Jamvel om mange ord er lette å kjenna att, treng me ordbok i arbeid med norrøne/gamalnorske tekstar. Klassikaren er *Norrøn ordbok* (1. utg. 1909, 5. utg. 2008), men det er laga eit eige *glossar* ('ordliste med forklaring') til lesestykkja i *Språket som vart norsk*.

Eit generelt tips til å arbeida med tekst: Les over fyrst og identifiser dei orda du kjenner att, og prøv å få eit inntrykk av kva dette dreiar seg om. Finn du noko som må vera i nominativ? Då kan det berre vera subjekt (eller subjektspredikativ). Så kan du tenkja på ordstilling, som at verbet normalt er andre ledd, at preposisjonar oftast har eit substantiv eller pronomen som utfylling, at substantivfrasar ofte innheld eit adjektiv eller determinativ, og slike ting. Hugs også at me arbeider med autentiske tekstar. Dei fortel noko, og dei gjev mening.

Glossaret

Glossaret har liknande oppsett som *Norrøn ordbok* med tydinga til ord og opplysningar om bøyning. Bøyings skjemaet hjelper oss til å finna stammen av eit ord og dermed **oppslagsforma** i glossaret. I substantiv er oppslagsforma nominativ eintal, i adjektiv og determinativ nominativ eintal hankjønn (som til liks med sterke hankjønnssubstantiv sluttar på *-r*) og i verb infinitiv (som sluttar på *-a*).

Sjå over forkortingslista og ver sikker på at du forstår alt. Lista inkluderer språkvitskaplege termar og nokre vanlege ord som «eig.» 'eigentleg'.

Ordklasse og forparentesen

For kvart oppslagsord er ordklassen oppgjeven eller går fram av oppføringa. Dette er gjort med avstytingar: «m.», «f.» og «n.» står for 'maskulinum', 'femininum' og 'nøytrum', altså substantiv. Andre ordklassemarkørar er «a.» 'adjektiv' og «adv.» 'adverb'. Etter ordklassen fylgjer ofte ein **formparentes**, dvs. bøyingsopplysningar i parentes.

I formparentesen finn du opplysningar om bøyingsklasse og eventuelle uregelrette former. Dei mest vanlege og lettast kjennelege bøyingsklassane har ingenting (slå opp t.d. *dómr*, *borg*, *land*, *bogi*, *saga*, *hjarta* og finn bøyingsklassane i grammatikken). Sterke hankjønnssord har normalt *-ar* i NOM.PL, sterke hokjønnssord *-ir*. Avvik frå dette og andre uregelrette former er oppgjevne i parentesen. Dersom det berre står to endingar i formparentesen, er dette GEN.SG og NOM.PL. På bøyings skjemaet vil du sjå at NOM.SG (oppslagsforma) og desse to formene alltid er nok til å identifisera bøyingsklassen.

Alle verb har formparentes, medan ordklasse ikkje er oppgjeve på anna vis. Dei svake verba har eit dentalsuffiks i preteritum, og dette står i formparentesen. *Kasta*-klassen har «(að)», som viser at presensstammen *kast-* får lagt til *-að-*: *kastað-*. *Dóma*-klassen har siste konsonant i stammen + dentalsuffikset, slik at det går fram om suffikset er *ð*, *d* eller *t*. T.d. viser «*dóma (md)*» at preteritumsstammen er *dómd-*; «*kippa (pt)*» at preteritumsstammen er *kipt-*. *Telja*-klassen har omljod i presensstammen og altså vokalskifte, difor står heile preteritums-

forma og partisippet i parentesen, t.d. «vefja (*vafði; vaftr*)». Slå opp *spyrja* og *leggja* for å sjå andre døme.

Nokre uregelrette verb har også fleire former. Det er alltid slik at semikolon markerer skilje i tempus, komma skilje i numerus. Nokre verb kan nemleg ha ulike stammar i eintal og fleirtal. Det gjeld alle sterke verb, som dannar ulike tempusformer med avljod. Her får me heile bøyinga i glossaret, med både PRET.SG og PRET.PL, fordi dei fleste sterke verb har ulik vokal i eintal og fleirtal i fortid. Dømet *bíta* (1. avljodsrekke) har fylgjande fire former i parentesen, som skal tolkast slik:

INFINITIV	PRES.SG	PRET.SG	PRET.PL	PARTISIPP
<i>bíta</i>	<i>bítr</i>	<i>beit</i>	<i>bitu</i>	<i>bitit</i>

Perfektum partisipp blir bøygd som adjektiv (jf. nynorsk *komen*, nøyt. *kome*, pl. *komne*), og forma i parentesen er NOM.SG.N. Denne forma vert alltid bruka etter hjelpeverbet *hafa*. Hankjønnsforma sluttar på *-inn*.

Bøyings-skjemaet

Før glossaret kan hjelpa oss, må me finna oppslagsforma. Her bidreg bøyings-skjemaet. Det viser dei ulike bøyingsendingane slik at me kan skilja ending frå stamme, og det viser kva slags ending ulike ord har i oppslagsforma.

Sterke substantiv fordeler seg på ulike bøyingsklassar som har litt ulike endingar. Det tydelegaste er måten dei dannar fleirtal på (sjå *Språket som vart norsk* s. 59 f.). På bøyings-skjemaet har dei ulike klassane fått namn etter endinga si i AKK.PL (fordi ho oftast er unik for ein klasse), og klassenamnet står med feit skrift ovanfor bøyingsendingane. Merk deg at dei vanlegaste bøyingsklassane av sterke substantiv er *a*-klassen i hankjønn (jf. nynorsk fleirtal på *-ar*) og *ir*-klassen i hokjønn (jf. nynorsk fleirtal på *-er*).

I mange substantiv er oppslagsforma og stammen identiske. Då er ein i mål når ein har identifisert stammen. Men i dei fleste hankjønnsord sluttar NOM.SG på *-r*, slik at oppslagsforma er stammen + *r*, medan hokjønnsord har *u*-omljod i NOM.SG, slik at ein *a* i ei bøyingsform kan vera *ø* i oppslagsforma. I adjektiv og determinativ er oppslagsforma nominativ eintal hankjønn med den typiske endinga *-r*.

Eit døme (ikkje av dei enklaste) er preposisjonsfrasen «þú ert staddr [‘på plass’] í kaupstöðum». Det bør gå greitt fram til ‘du er på plass (dvs. ‘er’) í *kaupstöðum*’. Etter ein preposisjon er det oftast eit substantiv eller pronomen, og *-um* ser ut som ei bøyingsending. Utan endinga står me att med *kaupstöð-*; ‘ø’ er eit resultat av *u*-omljod, så stammen er *kaupstað-*. Oppslagsforma av substantiv er NOM.SG, så no må me leita etter moglege oppslagsformer. Dersom dette er eit hankjønnsord, har NOM.SG, altså oppslagsforma, endinga *-r*: *kaupstaðr*. Her finn me faktisk *kaupstaðr* ‘kjøpstad, by’ i glossaret. Teoretisk kunne dette vore eit hokjønnsord; der har NOM.SG *u*-omljod (markert med runding i skjemaet), så då ville oppslagsforma vore **kaupstöð*, men noko slikt ord finst ikkje. Teoretisk kunne det også vore

eit inkjekjønnsord, og der er oppslagsforma identisk med stammen og ville vore nettopp **kaupstað*, men det finst heller ikkje.

Eit parallelt døme er preposisjonsfrasen «á ǫllum siðum». Etter ein preposisjon forventar me ein substantivfrase. Her står to ord, og me kjenner att *-um*-endinga (dativ fleirtal sluttar alltid på *-um*). Ved å «reversera» *u*-omljoden får me *all sið*. *all* kan me kjenne att som moderne norsk *all* (eit determinativ), og dei aller fleste determinativ fylgjer den sterke adjektivbøyinga og har oppslagsformer på *-r* (NOM.SG.M). Så spørst det på *sið*. Teoretisk kan det vera eit sterkt hankjønnsord (*siðr*), eit sterkt hokjønnsord (*sið*), eit sterkt inkjekjønnsord (*sið*), eit svakt hankjønnsord (*siði*) eller eit svakt hokjønnsord (*siða*). Av desse er *siðr* m. ‘sed, skikk’ det einaste som finst. Merk at i det svake hokjønnsordet *siða* ‘side’ er vokalen lang, markert med aksent. Dersom ein veit at gamalnorsk kort /i/ oftast har vorte til /e/ i moderne norsk, kan ein òg koplá gno. *sið* til ‘sed’, som rett og slett er den moderne skrivemåten av det same ordet.

Setninga «Váru þar áðr margir menn ...» gjev eit døme på eit sterkt verb. Gamalnorsk er, som moderne norsk, eit V2-språk, dvs. at (det finitte) verbet normalt er det andre leddet i setninga. Eit viktig unntak er at verbet kan stå fyrst i gamalnorsk; verbet vil altså vera det fyrste eller andre leddet i ei setning. I dømet er det mogleg å kjenna att *þar* ‘der’ som eit adverb (jf. lista over pugge-ord i *Språket som vart norsk* s. 71). Då må nødvendigvis det fyrste ordet vera eit finitt verb. Endinga *-u* finn me éin stad i oversynet over person- og talendingar i verb: Det er 3. person fleirtal i preteritum. Altså har me å gjera med eit verb i preteritum. Det har ingen ‘ð’, ‘d’ eller ‘t’ (dentalsuffiks) for å markera preteritum, slik svake verb har (jf. *Språket som vart norsk* s. 63), så det må vera eit sterkt verb. No kan me leita i avljodsrekkjene etter verb som har *á* i preteritum fleirtal. Det gjeld 4. og 5. rekkje, og der har infinitiv (oppslagsforma) rotvokalen ‘e’. Altså skal me slå opp på «vera» (hugs at infinitiv-endinga er *-a*), og der finn me *váru* i forparentesen, for glossaret gjev bøyingsformene av sterke verb. Det stadfester at me har funne fram til rett ord.